

Faderen

Den allsidige Bjørnstjerne Bjørnson

☛ Bjørnstjerne Bjørnson (1832–1910) var fødd i Kvikne i Østerdalen. I ungdomstida flytte familien til Romsdal, der faren fekk ei prestestilling. Sytten år gammal sende faren Bjørnstjerne til Kristiania for å gå på Heltberg studentfabrikk. Her tok han examen artium som tjuetåring. På Heltberg vart Bjørnson kjend med Jonas Lie, Henrik Ibsen og Aasmund Olavsson Vinje.

☛ Opp gjennom livet skreiv Bjørnson både romanar, noveller, dikt og skodespel. Han var òg ein aktiv samfunnsdebattant og avisskribent. Han skreiv litteratur- og teatermeldingar og ivra mellom anna for ei fornorsking av teaterspråket. Språkengasjementet hans førte til at Riksmålsforbundet vart grunnlagt i 1907.



Bjørnstjerne Bjørnson

☞ Ei anna hjartesak for Bjørnson var teateret. I 1857 utnemnde Ole Bull han til sjef for teateret i Bergen. Her var han i to år og arbeidde både som teatersjef og som skribent. Seinare vart han leiar for Christiania teater.

☞ I 1858 gifte Bjørnson seg med skodespelaren Karoline Reimers. Ho vart ei viktig støtte for han. Ekteskapet varte livet ut, trass i temperamentet hans og tallause sidesprang. Karoline og Bjørnstjerne fekk seks barn i lag.

☞ Som andre forfattarar på den tida drog Bjørnson til byar som Roma, Paris og München for å finne inspirasjon til å skrive. Men det var i heimen Aulestad, som Bjørnstjerne og Karoline kjøpte i 1874, at han fann ro og levde dei siste åra av livet sitt.

☞ Bjørnson døydde i Paris 26. april 1910. Kista vart frakta til København med jernbanevogna til kong Haakon, og vidare heim med panserskipet «Norge» til æresgravferd. Gravferda hans vitna om at Bjørnson var ein høgt elska samfunnsborger. Det at han fekk nobelprisen i 1903, var òg ei stadfesting av kor høgt akta han var.



Bjørnsons kiste på veg heim

Bondeforteljingane – kultivering av bonden



☞ Bondeforteljingane til Bjørnson kom ut i tidsrommet 1857–1860. Dei vekte oppsikt i samtida med si nyskapande og dristige form. Bjørnson skildra bøndene på ein måte som braut med den romantiske framstillinga som vi kjenner frå mellom anna Maurits Hansen nokre tiår tidlegare.

☞ Hos Bjørnson møter vi bonden i eit røft kvardagsmiljø. Han skildra mellom anna fyll og slagsmål. Samstundes fekk Bjørnson kritikk for å idealisere livet til bøndene, og for å omtale dei som festkled-

de idealpersonar. Men for Bjørnson låg det ein pedagogisk tanke bak bondeforteljingane. Ønsket var å «kultivere» nordmennene, og da særleg bøndene – slik nasjonsbyggjarane såg dei som berarar av typisk norske verdier.

☞ Personane i bondeforteljingane er levande menneske med samansette, ofte konfliktfylte sinn, og vi møter dei i livssituasjonar der dei må gjere val.

i I *En glad gutt* (1860) får vi alt i første avsnitt vite at hovudpersonen Øyvind har eit varleg sinn. Han vekslar fort mellom sorg og glede, gråt og latter: «Øyvind hette han og gråt da han ble født. Men alt da han satt oppreist på morens fang, lo han, og når de tente lys om kvel-den, lo han så det sang, men gråt da han ikke fikk komme bort til det. – 'Av den gutten må det bli noe rart', sa moren.»

Forteljemåten i bondeforteljingane

☞ Når det gjeld forteljemåten, lét Bjørnson seg inspirere av sagastilen. Framstillinga er scenisk og sparsam når det gjeld kommentarar. Vi kjem rett inn i handlinga og lærer personane å kjenne gjennom det dei seier og gjer, med andre ord gjennom dialogar og handling.

☞ Bjørnson er ordknapp i skildringa. Det ser vi for eksempel i innleiinga til *En glad gutt*: «Øyvind hette han og gråt da han ble født.» Også her er det sagastilen som har vore ein viktig inspirasjon.

☞ I tillegg lét Bjørnson seg inspirere av folkediktinga. Den munnlege stilen i tekstane hans var inspirert av folkeeventyra. Han tok også i bruk rim og regler, slik folkevisene gjer.

☞ Jamvel om Bjørnson lét seg påverke av soger og folkedikting, peiker bondeforteljingane fram mot den realistiske forteljemåten som skulle prege 1870- og 1880-åra. Eit eksempel er den nokså usynlege forteljaren som vi finn i Bjørnsons bondeforteljingar.

Lokkeleg.

(Av En glad gut.)

i

Kom bukken til gutten,
kom kalven til mor,
kom mjavende katten
i snehvide sko'r,
kom andunger gule,
kom frøm ifra skjule',
kom kyllinger små,
som næppe kan gå,
kom duerne mine
med fjedrene fine!
Se græsset er vådt,
men solen gjør godt,
og tidlig, tidlig er det på sommer'n,
men rop på høsten, så kommer'n!

Språket i bondeforteljingane

☞ I ortografi og bøyingsmønster heldt Bjørnson seg stort sett til dansk, slik Asbjørnsen og Moe gjorde da dei skreiv ned folkeeventyra. Men både i syntaks (ordstilling) og ordval har bondeforteljingane eit særnorsk preg. Bjørnson gjekk derfor eit steg vidare i det fornorskingsarbeidet som Asbjørnsen og Moe var med på å starte.

☞ Ei årsak til at Bjørnson hadde ein norskfarga syntaks, var nok at han sjølv snakka bygdemål i oppveksten. Men stilen i folkeeventyra og sogene spela også inn. Bjørnson bruker eit munnleg norsk språk med korte setningar: «'Er det ellers noe?» spurte presten, han så på Tord. – 'Ellers er det intet.' –Tord gikk.» («Faderen» 1860)

☞ Vi finn særnorske uttrykk og norsk ordstilling i uttrykk som «Au, den gikk i stykker» og «Er den din, den bukken?» (*En glad gutt*). Bruk av peikande pronomen og bunden form av substantivet kallar vi dobbel bestemming («den bukken»). Dette er norsk uttrykksmåte og ikkje dansk, som har enkel bestemming («den bukk»).



Garden Bjørgan, der Bjørnson voks opp

«Faderen» og «lidelsens høgskole»

☞ «Faderen» er ei kort og meisterleg skriven novelle på berre to sider. Det

i mest slåande ved denne novella er at forteljinga er så konsentrert, og at Bjørnson fangar inn høgdepunkta i eit heilt livsløp på så få linjer.

☞ I meir enn noko anna verk av Bjørnson kjenner vi her att forteljemåten frå sagastilen. Her er det scener og dialogar som dominerer, og forteljaren lèt vere å kommentere tankar og kjensler hos personane. Han registrerer berre det som skjer, som i dei islandske ættesogene.

☞ «Faderen», frå *Småstykker* (1860), handlar om Tord Øveraas – den mektigaste og mest velstående bonden i bygda. Vi følgjer bonden og sonen



hans gjennom livsløpet til sonen. Fire gonger er Tord hos presten. Dei tre første er når sonen skal døypast, når han skal konfirmerast, og før han skal gifte seg med den rikaste jenta i bygda. Kvar gong betaler Tord for ei markering som syner at han er ein mektig mann. Men før bryllaupet druknar sonen, og faren må til presten ein siste gong for å få sonen gravlagd.

☛ Sentralt i teksten står den endringa faren går gjennom. Heile livet har han vore ein mann som er van med å få det som han vil fordi han har makt og pengar. Etter at sonen døyr, utviklar han seg til å bli ein audmjuk mann, som ser andre verdiar enn pengar og posisjon.

☛ Bjørnson hadde ein pedagogisk idé med bondeforteljingane sine. Dei var ein del av eit idealistisk dannelsingsprosjekt. Bjørnson sjølv omtalte dette som «lidelens høgskole».

☛ Hovudkarakterane i bondeforteljingane er gjerne personar som må gjennomleve ei vond tid. Ofte er dei i konflikt med noko i seg sjølv. Men i kampen mot ulike hindringar gjennomgår dei ei forvandling. Denne forvandlinga er ein prosess mot eit meir ideelt og etisk godt liv. For Bjørnson var denne endringa oftast knytt til eit religiøst verdigrunnlag, og det kan vi sjå i «Faderen».

☛ Vi kan derfor seie at «Faderen» har eit romantisk verdigrunnlag – jakta på det gode, sanne og vakre livet. Men personane er plasserte i meir realistiske omgivnader og må kjempe mot desse omgivnadene på vegen. Litteraturhistorisk høyrer derfor bondeforteljingane heime i den epoken vi kallar poetisk eller romantisk realisme.

Melodiøs lyrikk og livssynskrise



🦋 Bjørnstjerne Bjørnson skreiv mange songar og dikt. Mest kjend er nok nasjonalsongen «Ja, vi elsker» (1859). I 1870 kom samlinga *Digte og Sange* ut for første gong, og som tittelen vitnar om, skreiv Bjørnson gjerne melodiøs lyrikk. Fleire komponistar har sett tonar til dikta hans, og på den måten har Bjørnson

vore ein viktig bidragsytar til den norske songtradisjonen.

🦋 Prestesonen Bjørnson gjekk gjennom ei religiøs krise i 1870-åra. Han braut med kristendommen og søkte eit nytt livssyn i naturvitskapen og tankane til Charles Darwin. I darwinismen fann Bjørnson ei vitenskapleg stadfesting av den optimistiske livstrua som alltid hadde vore ein grunn-tone i diktinga hans.

🦋 Det nye livssynet kjem til uttrykk i samlinga *Salme II* (1880). Her formidlar Bjørnson dei nye tankane han er påverka av, mellom anna at alle levande organismar har utvikla seg frå det enkle og primitive til det meir kompliserte og høgtståande.



Politikar og folketalar

☞ Bjørnson var ein mann som meinte mykje om stort og smått – språk, union, seksualmoral og religion, småfuglar og jernbane. Han var kjend for å vere svært engasjert, og han var langt ifrå redd for konflikhtar. Heilt frå han var ung, heldt han foredrag, og han reiste mykje rundt for å tale i ulike slags forsamlingar. Han talte for eksempel i Det Norske Studentersamfund, og han heldt tale for konservative norskamerikanarar i USA,



Bjørnstjerne Bjørnson held tale i 1905. Bjørnson blei ofte brukt som talar i store og høgtidlege samanhengar. Han var ein frontfigur då Noreg blei ein sjølvstendig nasjon. Filmprodusent: Hans Berge .

på riksmålssamlingar og på folkemøte om unionsoppløysinga. Bjørnson hadde store talegåver og var ein retorikar av dei sjeldne. Ikkje alt han sa, var like godt grunnlagt, og derfor storma det ofte rundt Bjørnson når han heldt innlegga sine.

☞ Dei innlegga Bjørnson kom med i det offentlege ordskiftet, viser at han var eit menneske i stadig endring og utvikling. Enda om han framførte synsmåttane sine med stor kraft og overtyding, var han ikkje redd for å skifte meining. Samstundes som han endra oppfatning, braut han gjerne med venner. Det gjorde han til ein omstridd person, og samtida hadde ikkje eit udelt positivt bilete av Bjørnson. Han var ofte nedsetjande i måten han omtalte motstandarane sine på, og han kunne vere nokså støyande.

☞ Partipolitisk heldt Bjørnson med partiet Venstre. Gjennom artiklar og foredrag

medverka han til å setje fokus på viktige saker partiet arbeidde for, for eksempel unionsspørsmålet.

☞ I språkkampen hevda han mellom anna at skilnaden mellom riksmål og landsmål var like stor som mellom norsk og portugisisk. I vår tid er det nok fleire som vil hevde at somme av standpunkta hans til tider var meir prega av fordommar enn av rasjonalisme.



Bjørnson på Aulestad

Bjørnson – eit nasjonalt symbol

i

☞ Saman med Ibsen, Kielland og Lie reknar vi Bjørnson til ein av «dei fire store» i norsk litteratur – trass i at fleire meiner han var ein betre debattant, politiskar, journalist og kritikar enn han var forfattar.

☞ Bjørnson var ein del av det såkalla poetokratiet på slutten av 1800-talet. Forfattarane – poetane – var no så sentrale i norsk offentleg debatt at dei var med på å prege utviklinga av samfunnet. Bjørnson vart på den måten eit nasjonalt symbol – eit symbol i kampen for meir rettferd i Noreg.

☞ Kjernen i den unike rolla Bjørnson hadde i norsk kulturhistorie, heng kanskje saman med rolla både som samfunnsen-

gasjert debattant og som produktiv forfattar? Han var ein markant intellektuell i samtida, som gjennom sin fargerike veremåte skapte liv og debatt i det offentlege rom.

☞ Trass i at det til tider storma rundt han, var han ein høgt elska personlegdom. Gravferda hans vitnar om det – ho var ein konge verdig.



